

# ÅRSMØTEPAPIR 2019 AUST-AGDER NEI TIL EU

## Årsmelding 2018 frå fylkesstyret

### HOVUDINTRYKK:

Også i året me har bak oss har meiningsmålingane synt stort nei fleirtal mot norsk EU-medlemskap. Nokre målingar har synt opp mot 60-70% nei fleirtal.

EØS saka har også kome endå meir fram i debatten enn før mellom anna på grunn av ACER saka. Det ser også ut til at fag-rørsla har kome meir og meir på vår side både på grunn av dette, men også på grunn av det presset som EØS avtalen fører med seg mot norske løns og arbeidsvilkår.

### MEDLEMSUTVIKLING:

Ved årsskiftet 2018-2019 hadde Aust-Agder nei til EU 554 betalande medlemmer. Dette er ein nedgang på 10 stk.frå året før.

Når det gjeld betalande medlemmer, så er det ikkje så mange betalande medlemmer, sidan mange ikkje har betalt årskontingenten ennå. Pr 4 februar var det registrert 84 medlemmer som har betalt og 540 som ikkje har betalt. Den 4. februar var det registrert 624 i medlemsregistret. Dersom alle registrerte medlemmer betalar årskontingenten, så aukar medlemstalet frå 554 til 624 til neste årsskifte. I tillegg kjem nyvervingar i 2019. Trenden har vore ei nedgang i medlemstal frå år til år, men det kan sjå ut som det er iferd med å flate ut. På landsbasis har medlemstalet auka. I året me har bak oss fekk me 2000 nye medlemmer. Dette syner at det nyttar å verve, og at det er mogeleg å auke medlemstalet også i Aust-Agder.

### ÅRSMØTET 2018:

Årsmøtet 2018 vart halde i Landbrukets hus Skrubbedalsveien 5 Stoa Arendal den 19 mars kl 1800.

Nestleiar i Nei til EU,Olaf Gjedrem heldt foredrag om aktuelle saker i organisasjonen. Han tok spesielt føre seg ACER saka og konsekvensar for Noreg om denne vert vedteken. Han kom også inn på EØS-avtalen og dei konsekvensar og svekking dette fører til for grunnloven og eit fritt og demokratisk sjølvstyre for Noreg.

**STYRET 2018:**

Styret vart samansett slik etter valet på årsmøtet:

Leiar: Olav Lidtveit, Bygland, attval.

**Styremedlemer:**

Marit Lyby Bakke, Arendal, attval.

Jarle Brandsdal, Evje og Hornnes, attval.

Karen Thresie Andersen, Åmli, attval.

Paul Magnus Gamlemshaug, Arendal, attval.

Tora Jakobsen, Arendal, attval.

Odd Arne Gabrielsen, Arendal, ny.

**Varamedlemer:**

1. Olaf Nordbø Bakke, Arendal, attval.
2. Ingrid Skårmo, Arendal, ny.
3. Marianne Sletten, Grimstad, ny.
4. Yngve Monrad, Tvedestrand, attval.
5. Bjørn Arne Engen, Grimstad, attval.

**REVISOR:**

Oddvar Støle, Grimstad, attval.

**VALNEMND:**

Olaf Norbø Bakke, Arendal, attval.

Ingebjørg Godskesen, Arendal, attval.

Erik Fløystad, Arendal, attval.

### **På styremøtet den 26 april 2018 konstituerte det nye styret seg slik:**

Olav Lidtveit var vald som leiar på årsmøtet.

Nestleiar: Marit Lyby Bakke.

Sekretær: Tora Jakobsen.

Kasserar: Paul Magnus Gamlemshaug.

Leiar, nestleiar, kasserar og sekretær utgjer arbeidsutvalet.

Karen Theresie Andersen sa seg viljug til å vere kvinnekontakt.

### **Andre verv i Nei til EU:**

Paul Magnus Gamlemshaug sit som direktevald i rådet til Nei til EU.

### **STYRETS ARBEID:**

Styret har i kalenderåret 2018 hatt 8 styremøte. Me har dessutan hatt 1 fylkesrådsmøte og årsmøte..

Me er også representerte ved tilskipingar i andre organisasjonar som deler vårt syn, når me finn høve til det. Styret og vararepresentantane til styret samarbeider svert godt og me fordeler oppgåvene oss imellom.

Dette er ein føresetnad for å få ting gjort.

### **ARRANGEMENT:**

Aust--Agder nei til EU har delteke med stand på messa Naturligvis på Evje, i samarbeid med Vest--Agder nei til EU, og lokallaget i Evje og Hornnes. Også kontaktpersonen i Birkenes: Alfred Skaar Kylland var med og hjelpte oss på standen.

Me hadde også stand på Arendalsuka saman med lokallaget i Arendal. Vest--Agder nei til EU var også med og hjelpte til.

Aust-Agder Nei til EU tok og initiativ til eit ope møte i Arendalsuka med tema «Hvordan hindre sosial dumping og sikre norske tariffavtaler, lønns- og arbeidsvilkår». Møtet blei arrangert med LO i Østre Agder og Fellesforbundet avdeling 9 Østre Agder som medarrangørar. Innleiarar var Thor Åge Christiansen frå Fellesforbundet avd. 9, forbundssekretær Per Skau i Fellesforbundet og forbundsleiar Jan Olav Andersen i ELog IT forbundet. Ein tillitsvald frå Fagforbundet i Agder heldt appell om den aktuelle Aleris-saka. Når ein tar omsyn til at det under Arendalsuka var 30-40 møte parallelt på kveldstid så var det godt frammøte.

## **REPRESENTASJON OG DELTAKING:**

Landsmøtet i Nei til EU vart halde i Sarpsborg 9-11 november 2018. Då me ikkje hadde vald utsendingar til landsmøtet på årsmøtet i Aust--Agder Nei til EU, vart dette gjort på rådsmøtet den 10 oktober.

Dei som vart valde som utsendingar var:

Tora Jakobsen

Olaf Bakke

Linda Jane Storhaug

Marit Lyby Bakke

Johnny Hermansen

Ingrid Skårmo

Olav Lidtveit møtte som leiar.

Me har også delteke på konferansar og samlingar i regi av leiinga i Nei til EU. Me har praktisert at det er leiar og nestleiar som møter på sentrale møte, men brukar resten av styret som "varamedlemer".

Paul Magnus Gamlemshaug er direktevald rådsmedlem og deltek på rådsmøta.

## **ORGANISATORISKE SAKER:**

Då fylkessekretær-stillingane vart trekte inn og organisert under sentralt i 2017, vart det ei omstilling av organisasjonen, slik at mykje av oppgåvene til fylkessekretæren vart lagde på fylkesstyra. For Aust -Agder sin del, har dette "gått seg til" slik at det fungerer bra. Ikkje minst på grunn av at me framleis får god hjelp frå sentralt ved "Fylkessek"

## **UNGDOM MOT EU/ STUDENTER MOT EU**

Det er ikkje registrert aktivitet i desse laga i året som er gått.

## **LOKALLAGA:**

Aust-Agder nei til EU har lokallag eller kontaktpersonar i 14 av15 kommunar.

Det er liten aktivitet i dei fleste lokallag, men lokallagsorganisasjonen er der. Som nemnt ovanfor har vi kontaktpersonar i dei fleste kommunane som ikkje har lokallag.

## **KAMPANJESAKER:**

Det som har vore den store saka for oss også i 2018 er Noreg ut av EØS. Dette har me fremja på stand i Arendalsuka og Naturligvis på Evje, og elles der me treffer folk.

Den saka som likevel dominerte i byrjinga av året, var den sokalla ACER saka. Diverre vann me ikkje fram med vårt syn i Stortinget men saka er likevel ikkje heilt avgjord ennå, alle EFTA landa må vere samde om dette dersom det vert gjennomført.

Island har ikkje bestemt seg ennå. Avgjersla kjem truleg i vår. Då det vart gjort vedtak i Stortinget om å slutte seg til ACER byrået, stemnde Nei til EU Stortinget inn for retten ved statsministeren, med påstand om at ACER saka førte til at Noreg ga frå seg nasjonal styring til eit organ Noreg ikkje var medlem i, og at slike saker skulle avgjerast med 3/4 fleirtal.

Nei til EU har fenge medhald i dette synet av fleire jusprofessorar og det juridiske miljøet elles.

Aust -Agder nei til EU løyvde då pengar til dette formålet (syner elles til rekneskapen). Rettsaka er no under førebuing.

Ellers så har den såkalla jernbanepakke 4 også vore ei sak me har vore optekne av.

## **POLITISKE VURDERINGAR:**

Etter siste stortingsval synte det seg at det vart fleirtal av av EU motstandarar på Stortinget. Dette må me sjå på som ein siger for oss. Når det gjeld EØS-saka, så har fleire fagforbund sagt nei til EØS avtalen. Det ser likevel ut som LO framleis er for EØS avtalen, men motstanden i fagrørsla er aukande. Dersom LO kjem til å skifte meining, vil presset auke på Arbeidarpartiet om å gjere det same. Dersom det skjer vil me med andre ord truleg få fleirtal på Stortinget for vår sak. Ei anna sak som også kan få innverknad på dette er kva som hender når Storbritannia går ut av EU.

Sjølv om det er mykje som går vår veg, kjem ingen siger av seg sjølv. Me har framleis eit arbeid å gjere!